Innkalling til ekstraordinær generalforsamling

Vaksdal Næringspark AS

Stad: Kommunestyresalen, Dale

Dato: 1. oktober 2018

Sak til behandling:

Avvikling av Vaksdal næringspark

Dalekvam, 21. september 2018

Kjartan Haugsnes
Styreleiar

Vedlegg:
Saksframlegg

Vaksdal kommune

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
62/2018	Formannskap/plan- og økonomiutvalet	PS	03.09.2018
	Ekstraordinær generalforsamling Vaksdal næringspark	PS	01.10.2018

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Trine Pettersen Grønbech	FA - U03, TI - &57	18/1091

VAKSDAL NÆRINGSPARK - AVVIKLING

Styret sitt framlegg til vedtak:

Vaksdal Næringspark vert oppløyst.

Som avviklingsstyre vert vald:
-
-
-

Saksopplysningar:

Kort om saka:
Vaksdal formannskap handsama sak om avvikling av Vaksdal Næringspark i møte den 03.09.2018, F-sak .62/2018. Formannskapet vedtok følgjande:

«Vaksdal Næringspark As vert avvikla. Styret for Vaksdal Næringspark AS vert beden om å organisere ekstraordinær generalforsamling for å vedta avvikling og val av avviklingsstyre, jf aksjelova §§ 16-1 og 16-2.»

Heimel:
Aksjelova kap 16

Bakgrunn:
Aksjelova kap 16 har rimeleg klare reglar for korleis ein skal gå fram ved avvikling av aksjeselskap Avgjerd om å oppløyse selskapet gjerast av generalforsamlinga med fleirtall som for vedtektsendring. Etter at selskapet er beslutta oppløyst, skal generalforsamlinga velgje eit avviklingsstyre som trer i staden for styret og dagleg leiar. Valet gjeld på ubestemt tid, med ein oppseiingsfrist for avviklingsstyret sine medlemmar på tre månader.

Avgjerd om å oppløyse selskapet skal straks meldast til Foretaksregisteret.

Ved registrering av meldinga om oppløysing skal Foretaksregisteret kunngjere vedtaket om å oppløyse selskapet i Brønnøysundregistrenes elektroniske kunngjeringspublikasjon. I kunngjeringa skal kreditorane til selskapet varslast om at dei må melde sine krav til avviklingsstyret sin leiar innan seks veker frå kunngjeringa.

Alle kreditorar med kjent adresse skal så vidt mogleg få særskilt melding av selskapet.

Avviklingsstyret skal lage «en fortegnelse over selskapets eiendeler, rettigheter og forpliktelser, og gjøre opp en balanse med henblikk på avviklingen.» (§ 16-7)

Etter avviklingsperiodens slutt skal generalforsamlinga vedta sletting av selskapet. Generalforsamlinga kan tidlegast finne stad etter at kreditorfristen på 6 veker er ute. Vedtaket i generalforsamlinga om oppløysning og sletting krevjar tilslutnad frå minst to tredeler

Vurdering:
Avviklingsstyret må følgje framgangsmåten etter aksjelova kap 16, men det er ikkje kjent informasjon som skulle gjere det vanskeleg å avvikle selskapet.

Vaksdal Næringspark er eit 100% heleigd kommunalt aksjeselskap, det er ingen komplisert eigarstruktur å ta omsyn til.

Det er heller ikkje kjente kreditorar som har utestående fordringar mot selskapet.